



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Møtestad: Førde

Dato: 30.11.2022

Tidspunkt: 12:00 - 15:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karoline Bjerkeset	Leiar	Gloppen kommune
Trude Brosvik	Medlem	Vestland fylkeskommune
Marius Dalin	Nestleiar	Sunnfjord kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn

Alf Erik Røyrvik

Rune Holen

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 13/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 14/22	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 5/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2022 (nov)		2019/4183
RS 6/22	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidlar november 2022		2019/4173
ST 15/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan		2019/10675
ST 16/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidlar og SNO-ressursar for 2023		2019/4173
ST 17/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2023		2019/2581
ST 18/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan styremøte 2/2022 (nov)		2022/10021
ST 19/22	Eventuelt		

ST 13/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.11.2022

Handsaming i møte

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 14/22 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.11.2022

Handsaming i møte

Styret signerte protokoll etter styremøte 1/2022.

Vedtak

Protokoll etter styremøte 1/2022 vart signert.

RS 5/22 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2022 (nov) Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2022 (nov)

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.11.2022

Handsaming i møte

Verneområdeforvaltaren gjekk gjennom orienteringssakene. I tillegg vart det referert frå møtet som var med Rådgevande utval for Naustdal-Gjengedal LVO 7.oktober.

Vedtak

Styret tok orienteringssakene til vitande.

RS 6/22 Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidlar november 2022 Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidlar november 2022

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.11.2022

Handsaming i møte

Verneområdeforvaltar gjekk gjennom lista over planlagte og gjennomførte tiltak, og gjorde greie for både det som er gjort og bruken av tiltaksmidlar. Slik som det ser ut per 30.11 so vil om lag 450.000 av dei tildelte 500.000 i tiltaksmidlar bli brukt i 2022.

Vedtak

Styret tok orienteringa til vitande.

ST 15/22 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek revidert tiltaksplan for landskapsvernområdet, som skal vere grunnlag for tiltak i 2023 og søknad om tiltaksmidlar. Tiltaksplanen gjeld til ny plan vert vedteken.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.11.2022

Handsaming i møte

Verneområdeforvaltar gjekk gjennom framlegg til tiltaksplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Styret gjorde mindre endringar i framlegget.

Vedtak

Revidert tiltaksplan for NAustdal-Gjengedal landskapsvernområde med endringar vart vedteken. Tiltaksplanen ligg vedlagt til protokollen.

ST 16/22 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidlar og SNO-ressursar for 2023

Innstilling frå forvaltar

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads-overslag
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	20 000
2	Skjøtsel Sandsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
3	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
4	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
5	Skjøtsel Gimmestadstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000

6	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000
7	Skilt om Byrkjenesmannen	Lage og sette opp eit skilt som fortel litt om "Byrkjenesmannen" og busetnaden i Byrkjeneset rundt 1700. Heng saman med informasjon om "barnegrava" som står ved Gjengedalsstøylen.	20 000
8	Fjerning av ikkje-ynskte artar	Fjerning av førekomstar av gran i og rundt landskapsvernområdet.	200 000
9	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar	100 000
10	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Gjere om på tidlegare utbetring av råsa gjennom Ura. Her vart det bygd ei steintrapp i 2011 (?) som storfe ikkje likar å gå i. Vurdere grusdekke i staden for?	120 000
Totalt			665 000

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.11.2022

Handsaming i møte

Styret gjekk gjennom lista over føreslegne tiltak i innstillinga og gjorde mindre endringar.

Vedtak

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag (totalt)
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	20 000
2	Skjøtsel Sandsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50000
3	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50000
4	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50000
5	Skjøtsel Gimmestadstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50000
6	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000
7	Skilt om Byrkjenesmannen	Lage og sette opp eit skilt som fortel litt om "Byrkjenesmannen" og busetnaden i Byrkjeneset rundt 1700. Heng saman med informasjon om "barnegrava" som står ved Gjengedalstøylen.	20 000
8	Fjerning av ikkje- ynskte artar	Fjerning av førekomstar av gran i og rundt landskapsvernområdet.	250 000
9	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar	100000
10	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Gjere mindre utbetringar langs stien gjennom Ura slik at det vert lettare for storfe og ferdast forbi.	50 000
		Totalt	645 000

Styret vedtok skjema for bestilling av ressursar frå Statens naturoppsyn. Dette ligg vedlagt til protokollen.

ST 17/22 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2023

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek eit driftsbudsjett for 2023 på kr 71.060,-

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.11.2022

Handsaming i møte

Styret gjekk gjennom framlegg til budsjett
Styret diskuterte behovet for midlar til skjøtselsplanarbeid og til kartlegging av våtmarker i verneområde for å styreke kunnskapsgrunnlaget med tanke på revidering av forvaltningsplanen.

Vedtak

Styret vedtok eit driftsbudsjett for 2023 på kr 71.060,-
Styret vedtok å søke om 200.000 i planmidlar frå Miljødirektoratet i 2023, fordelt på 100.000 til kartlegging av våtmarker i Naustdal-Gjengedal og 100.000 til skjøtselsplanarbeid knytt til støylar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

ST 18/22 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan styremøte 2/2022 (nov)

Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar tek med seg innspel frå styret i det vidare arbeidet.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.11.2022

Handsaming i møte

Styret gjekk gjennom saksframlegget og kom med gode innspel til det vidare arbeidet med revidering av forvaltningsplanen. Verneområdeforvaltaren noterte innspela som kom inn.

Vedtak

Verneområdeforvaltar tek med seg dei innspela og synspunkta som kom frå styret. Saka kjem opp att på første styremøte i 2023.

ST 19/22 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.11.2022

Handsaming i møte

Styret tok opp tilskot til beitedyr i verna natur, ei ordning som var i gamle Sogn og Fjordane. Styret meiner at dette i hovudsak var ei god og treffande ordning, i lys av at gjengroing er ein av dei største truslane mot naturmangfaldet, særleg i kulturlandskap og støyismiljø. Tilskotet ein tidlegare fekk var ein del av Regionalt Miljøprogram (RMP). Det gjeldande programmet gjeld for åra 2019 til 2022 og skal derfor no truleg reviderast. Verneområdestyret ønskjer derfor å kome med eit innspel til RMP med oppmoding om å vurdere tilskot til beitedyr i verna område. I tillegg bør det sendast innspel til Miljødirektoratet eller Klima- og miljødepartementet med oppmoding om tilsvarande ordning over deira budsjett.

Vedtak

Naustdal-Gjengedal sender innspel til Regionalt Miljøprogram med oppmoding om å vurdere tilskot til beiting i verna natur. Verneområdeforvaltar formulerer eit brev som styret godkjenner før sending.